

#handlelokalt

*Langt vest, mellom  
holmar og skjær:  
Lokalbutikken på  
Røver er ein populær  
møteplass. Akkurat  
slik butikkane også er i  
vårt distrikt.*

# Butikken er også ein viktig møteplass!

Når du handlar varer og tenester i lokalsamfunnet, får du som oftast den vara eller tenesta du treng. Men i tillegg er du med på å halde oppe verksemda og butikken i nærleiken av deg. Det betyr faktisk ganske mykje det også.

Til dømes har mange ungdommar sitt første møte med arbeidslivet nettopp i ein lokal butikk – som helgejobb eller sommarjobb. Seinare stiller kanskje butikken eller

andre lokale bedrifter opp som sponsor for idrettslaget eller kulturaktivitetar. Mange lokale butikkar er også møteplass for eldre generasjonar. I eller utanfor butikken møtest gjerne pensjonistar og andre til ein prat om både gamledagar og dagens nytt.

I mange butikkar finn du også postkontor, medisinutsal og tippservice. Nokre driv også med turistinformasjon, sel drivstoff for bilar og båtar, eller fungerer som bibliotekfilial.

I nokre kommunar har også ordføraren utekontor i butikken nokre gonger i året! Butikken din er også ein viktig møteplass.

Difor får du både i pose og sekk når du handlar lokalt. Du får som oftast det du treng. Og du er med på å halde oppe ein viktig institusjon i nærleiken. Tenk gjerne over det neste gong du skal ha tak i noko.

#handlelokalt

